



**MESTERHUS**  
– det blir som avtalt  
F-1

**Lindås Kommune**  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Hjelmås, 15/02-16

## **Følgelbrev / redegjørelse byggesøknad gbnr. 188/731**

### **Tiltaket**

Det vert søkt etter PBL §20-3 med ansvarleg føretak med bakrunn i at det er eit påbygg som grip inn i eksisterande takkonstruksjon, og kan ha betydning for bærande konstruksjonar i bygget. Det skal berre byggjast ut i loftsetasjen slik at BYA aukar med om lag 3,5m<sup>2</sup> medan bruksareal aukar med 15,2m<sup>2</sup>.

Det er eit lite påbygg som ikkje endrar på nokon av dei andre tilhøve på staden så som vatn, avlaup eller parkering.

Det er minimalt med grunn og betongarbeid i forbindelse med tiltaket, då det skal bærast av eksisterande vegger samt dragarar som vert lagt opp etter vår prosjektering og dimensjonering. Det einaste som skal til grunn er 2 søylepunkt. Dette er tenkt å vera omfatta av dei erklærte ansvarsrettane for prosjektering og utførelse.

Søknaden oppfyller etter vår vurdering krava som er stilt i PBL § 21-7 andre ledd, og kvalifiserer for 3 vekers behandlingsfrist.

### **Nabotilhøve / merknader**

Det er forstått nabovarsling etter reglane i PBL §21-3 til dei sama naboane som vart varsla ved søknad om dispensasjon. Sidan det ikkje gjekk fram av førre varsel at ein ikkje vart varsla på nytt ved sjølvne byggesaka har ein valt å varsle igjen. Det er ikkje registrert merknader til tiltaket.

### **Plangrunnlag og dispensasjon søknad**

Tiltaket ligg i regulert området – Felt E Såta – felt 7. Tiltaket kjem i utgangspunktet i konflikt med planen sine krav til utnytting. Det er søkt om, og gjeve, dispensasjon frå planen i sak 15/3293-15/35490. Klagefristen på vedtaket er gått ut, og ein anser difor vedtaket som endeleg.

Tiltaket forøvrig kjem ikkje i konflikt med planen all den tid det er underordna høgda til eksisterande bustad, og er plassert i samsvar med godkjent byggjegrænse i plan.

**Kålås & Sonner**  
BYGGEVAREHANDEL



**MESTERHUS**

*- det blir som avtalt*

### **Veg / Tilkomst**

Tiltaket krev ingen endring i verken tilkomst eller vegtilhøve forøvrig, og eigedomen er sikra lovleg avkjørsle ihht. krav i PBL, via privat veg og ut på offentlig.

### **Vatn og avløp**

Eigedomen er sikra lovleg vatn og avlaup etter krava i PBL og tiltaket fører ikkje til auke i tal bueiningar på eigedomen.

### **Oppsummering og vurdering**

Tiltaket er av ein liten størrelse og medfører ikkje endring i bruk av eigedomen, eller auka bruk av eigedomen.

Det er i dispensasjonssøknaden gjort rede for val av takvinklar, konstruksjon og brukbarhet for påbygget. Kommunen har vurdert det i samband med dispensasjons-søknaden og me utdjupar difor ikkje det noko vidare i denne søknaden.

Det er eit relativt lite påbygg det er snakk om, og bygget vil etter gjennomføring få ein auke i bruksverdi og eit sårt tiltrengt ekstra areal i loftsetasjen. Dette sikrar at borna kan bu heime lengre, og at tiltakshavar kan yta naudsynt støtte til nær familie som står i ein krevjande situasjon framover.

Med vennleg helsing

**Kålås & Sønn Byggevarehandel AS**

*Lars Alvær Hagesæter*

*Dagleg leiar / Ansvarleg søkjar*

**Kålås & Sønn**  
BYGGEVAREHANDEL